




Returdresse:  
Pirion  
Næringsbedet  
i Vatlandsvåg  
4235 Heenes  
NORGE



## PIT PARION

# FORTEL FOR MEG!

**G**uten min går i første klasse, og han er så heldig at klassen hans kvar veke får besøk av ein tidlegare lærar som fortel for dei.

Eventyr, segner og historier kan ho på rams, og ho kan fortelja slike at ungane sit fjetra, i skrek, skadefryd, spenning eller rein glede. Kontakten mellom forteljaren og publikum er ikkje broten ein augneblink.

Eg er blant dei som ivrar for høgtlesing mykje høgtlesing – for ungar i alle aldrar. Det er etter kvart opplese og vedteke at det er viktig og bra å lesa for ungane. I dag vil eg likevel slå eit slag for forteljekunsten – den som er uavhengig av det skrivne ordet, i alle fall under sjølv framføringa.

Nokre har det berre i seg – dei kan fortela historier som får tilhøyrarane til å le og grina, og dei går ikkje av vegen for ei god løgn heller. Du kan gjerne sjå dei sitja på ein benk utanfor den lokale landhandelen, med eit trufast publikum, ein kaffikopp og eit glimt i auga.

Det var kanskje fleire forteljarar før? No for tida er me så vane med å ha eit manus til alt me skal framføra munnleg, at me kjenner oss reint hjelpeause utan, eg kjenner det i alle fall slik sjølv ofte. Men å lytta til ei god historie frå ein som verkeleg kan fortelja, gjev ei heilt eiga oppleving. Kroppsspråket, stemmebruken, livet og stemninga går direkte frå forteljaren til dei som lyttar, utan filter.

Hege Myklebust er prosjektleiari for den nynorske barnelitteraturfestivalen Falturiltu



Bileta dukkar opp i hovudet, og kjenslene berre er der. Så første-klassingane som får høyrá om Tyrihans, storler når dei ser føre seg mannen og kjerringa, smeden og kokka som alle heng fast i gull-gåsa, sjølv utan ein einaste illustrasjon til hjelp.

I møtet med forteljaren skapar tilhøyrarane sine eigne bileté, og gjer forteljinga til si eiga. Det meiner eg er ein god grunn til å ova seg i forteljekunsten, særleg om ein er heldig nok til å arbeida med små bora. Betre publikum enn ungar kan ein nemleg ikkje ønskja seg – dei er mottakelege for alt det spennande du kan tenkja deg å koma med. Visst krev det litt ekstra innsats å læra seg eventyr og historier utanboks, og visst krev det litt mot dei første gongane å kasta seg ut i forteljegleda med liv og innleving, men premien gjer det vel verd innsatsen: glitrande, jublende barneauge, skrek og lätt på rette stader – ei oppleving.

Og kan du først nokre gode historier, kan du gjerje ta dei same opp att og opp att. Mor mi har eit lite repertoar av folkeeventyr inne, og ho har trollbunde oss ungane og tallause barnehagegenerasjonar gjennom eit langt yrkesliv som forskulelærar, og no er det barnebarna sin tur. Dei blir aldri leie av å høyra om bukken i kålåkeren, og kvin frydefullt kvar gong bia surrar seg inn i øyret på bukken.

Har du ikkje prøvd det før, så prøv det no – les for meg, syng for meg, og ikkje minst: Fortel for meg!

Ole Brum,  
Ola Tweiten eller Barbie,  
kor hentar barna  
opplevingar frå?

**Pirion -kurs** Les meir på  
[www.pirion.no](http://www.pirion.no)

**Pirion**

Tips oss på [pirion@norsk-plan.no](mailto:pirion@norsk-plan.no) Me vil gjerne ha tips og innspel om det er noko du syns me bør ta opp, eller om du har tips om bøker me bør skriva om. Sjå også [www.pirion.no](http://www.pirion.no)

PIRION ER STØTTA AV KUNNSKAPSDEPARTEMENTET, FAGFORBUNDET OG LNK **PIRION** 4/2011, 12. årgangen – ISSN 1502-3036 Utgivar: Stiftinga Pirion Adresse: Pirion, Vatlandsvåg, 4235 Heenes Tlf: 52 79 04 82, faks 52 79 04 81.  
Hjemmeside: [www.pirion.no](http://www.pirion.no) Ansvarleg redaktør: Astrid Eidhammer Hjelmeland, tlf 52 79 04 84, mob. 97 19 47 88 E-post: [pirion@norsk-plan.no](mailto:pirion@norsk-plan.no) Korrektur: Dag Gjerde Formgjeving: Salikat design

nr. 4 - 2011  
**Pirion**  
- kulturavis for barnehagar og skular



# Samarbeider om nynorsk i barnehagen

Norsk Bibliotekforening, LNK, Nynorsksenteret og Pirion skal samarbeide for å gjøre gode nynorske barnebøker tilgjengelege i barnehagar.

TEKST: ELIN MOEN KARLSEN

## Samarbeider om nynorsk i barnehagen...



# Bokmeldingar

## MOPP OG MIKO ELSKAR MAT MOPP OG MIKO ELSKAR TING

I år kjem det ut fire splitter nye peikebøker for dei minste. Bøkene handlar om dei to venene Mopp og Miko, som elskar mat, køyretøy, dyr og ting. I dei to bøkene Pirion-redaksjonen har lese, blir vi med Mopp og Miko på jakt etter variantar av mat og ting. Dei finn mellom anna gul mat, lang mat, sot mat, blå ting, mjuke ting og harde ting.

Det er forfattar og illustratør Kari Stai som står bak bøkene om Mopp


og Miko. Figurane hennar er bygde opp av sirklar, kvadrat og trekantar i sterke retrofargar. Tonen i bøkene er gjennomgåande positiv, og fargar og stil er med og leier oss gjennom Mopp og Miko si nysjerrige jakt frå side til side. Grepet med å la nokre figurar stikke halvvegs ut frå sida er med på å pirre nyfikna og lokkar lesaren til å bla vidare. Kva finn vi på neste side?

Toyni Tobekk



Av: Kari Stai  
Det Norske Samlaget 2011

Bøkene avsluttar med spørsmål til leseren, noko som forlenger bøkene ut i ein prat om kva vi sjølv liker og kjenner av ting og mat. «Kva for ting liker du?»



© Aslind Edthammer Helmersland

— Vi har lyst til å bidra i dette prosjektet fordi det er viktig for Norsk Bibliotekforening at det er eit godt samarbeid mellom biblioteka og barnehagane, seier leiar Svein Arne Tennesand.

Samarbeidet mellom dei forskjellige partane er ikkje formalisert ennå.

Resten av året skal samarbeidspartane utvikla prosjektet, som førebels ikkje har fått noko namn. Under bibliotekkonferansen i Stavanger i mars neste år vil partane seie korleis prosjektet konkret skal fungere.

### Mykle av jobben er allereie gjort

— Det finst allereie mykle god litteratur for barn på nynorsk. Lesesenteret i Stavanger har allereie prøvd ut eit tilsvarande prosjekt utan fokus på målform, og Kunnskapsdepartementet har gjennom Barnehageløftet sagt at språkstimulering i barnehagane er eit satsingsområde, seier initiativtakaren til det planlagde nynorskprosjektet, Janne Karin Støylen ved Nynorskcenteret i Volda.

### Gode nettverk

Samarbeidspartane har også gode nettverk, noko som gjer jobben lettare. Nynorskcenteret har per i dag eit formalisert samarbeid med 10 barnehagar spreidde over heile landet. Pirion, som er ei kulturavis for barnehagar, har eit opplag på 38 000 eksemplar og har også eit apparat for å arrangere kurs i kommunane.

Landssamanslutninga av nynorskkommunar (LNK) har 120 medlemer, det vil seie nesten alle nynorskkommunane og fleire språknøytrale kommunar der nynorsk er fleirtalsform i skulen. Norsk Bibliotekforening (NBF) har rundt 3200 medlemer, av desse er cirka 2100 personlege medlemer.

Styret i LNK var positive til ideen som Støylen kom med.

— Vi ser kor viktig det er at barn og ungdom lærer seg å bli glade i litteratur. Det gjer det mogeleg for dei å tileigna seg eit godt språk når dei blir eldre, seier dagleg leiar i LNK, Vidar Høviskeland.

— Det handlar om å gjere ungane og dei vaksne medvitne om at dei bur i ein nynorskkommune. Målet er dessutan å førebu ungane på leseopplæringa som kjem i skulen, seier Janne Karin Støylen.

NYNORSK TIL BARN:  
Janne Karin Støylen trar at eit fokus på nynorsk språkstimulering allereie i barnehagen kan gjere identiteten sterke og føre til at ungdommar flyttar heim igjen etter enda høgskuleutdanning.

Ho trur at eit godt arbeid med nynorsk språkstimulering kan ha ein positiv effekt for utviklinga av distrikta.

— Dei kommunane som har innbyggjarar som er trygge på språk og identitet, står sterke med tanke på at ungdom flyttar heim igjen, seier Støylen.

Når samarbeidsprosjektet for å gjere nynorske barnebøker tilgjengelege i barnehagen kjem meir på plass, kan kommunar melde seg på.

— Vi har fundert litt på om vi skal lokka med at det er eit prosjekt for kommunar med fart og sjølvtillit, sluttar Støylen, og viser med dette til mottoet til Tonje Glimmerdal i barnebokforfattar Maria Parr si prislønte bok.

### Distriktsutvikling

Allmennlærar Støylen sitt arbeidsområde på Nynorskcenteret er nynorsk barne- og ungdomslitteratur.

— Vi ser kor bra det blir i dei 10 pilotkommunane som vi nå har eit samarbeid med, og eg ønskjer ikkje at dette arbeidet skal stoppe etter prosjektet, slår initiativtakaren fast.

Ho trur at eit godt arbeid med nynorsk språkstimulering kan ha ein positiv effekt for utviklinga av distrikta.

— Dei kommunane som har innbyggjarar som er trygge på språk og identitet, står sterke med tanke på at ungdom flyttar heim igjen, seier Støylen.

Når samarbeidsprosjektet for å gjere nynorske barnebøker tilgjengelege i barnehagen kjem meir på plass, kan kommunar melde seg på.

— Vi har fundert litt på om vi skal lokka med at det er eit prosjekt for kommunar med fart og sjølvtillit, sluttar Støylen, og viser med dette til mottoet til Tonje Glimmerdal i barnebokforfattar Maria Parr si prislønte bok.

## POSITIVE TIL DATA

Dei fleste norske barnehagar tilbyr digitale verktøy til barna og bruker dei i det pedagogiske arbeidet.

TEKST: TOYNI TOBEKK



© Rødbønn

Det kjem fram i ei nasjonal spørjeundersøking om utbreiing, bruk og haldning til digitale verktøy og spel i norske barnehagar. Her har ein sett på i kva grad barnehagane eig og bruker digitale verktøy, og kva dei blir brukte til. 98 prosent av barnehagane har datamaskiner, og 84 prosent av barnehagane bruker datamaskina som ein del av tilbodet til barna. Berre 2-5 prosent av dei spurde i undersøkinga var skeptiske til digitale verktøy.

Barnehagane som let barna bruke pc-en som ein del av tilbodet i kvardagen, bruker

han for ein stor del til spel. Her opplyser barnehagane at dei helst bruker han til det dei opplever som pedagogiske spel. Barnehagane som tillet spel, meiner òg at barna bør ha pedagogisk rettleiring frå dei tilsette når dei speler. Undersøkinga syner at dei fleste tilsette føler seg kompetente til å bruke pc-spel som ein del av det pedagogiske arbeidet. Barnehagane som tilbyr pc-spel, er jamt over meir positive til bruk av pc-spel i barnehagen og har størst tru på at spelning kan gje sosiale og språklege fortrinn for barna.

82 prosent av barnehagane i undersøkinga har eiga heimeside. Stort sett bruker barnehagane heimesida si til å informere foreldre og potensielle søkerar om mål, visjonar og planar for barnehagen og til å formidle kontaktinformasjon og søknadsskjema.

Undersøkinga er ein del av prosjektet «Digitale objekts plass i barns sosiale og språklige danning i barnehagen» (DIGOB), eit forskningsprosjekt i regi av Høgskulen Stord/Haugesund. Heile rapporten kan lastast ned frå [www.forskningsradet.no](http://www.forskningsradet.no).

## NEI! SA VESLEMONSTER STORE MONSTER GRÆT IKKJE

D esse to monsterbøkene, som er gjevne ut av den islandiske trioen Güettler, Hemdsdal og Jónsdóttir, med Jónsdóttir som illustratør, verkar ved første augestikast litt mørke og skumle. Veslemonster og Storemonster er svarte og grå, dei har kvasse tenner og kraftige, hårte kroppar. Men dei har òg redde øye og fortvila uttrykk i fjeset. For Veslemonster føler at Storemonster alltid skal bestemme og sjefe, og Veslemonster synest det er vanskeleg å seie nei til ting han ikkje vil vere med på.

Storemonster på si side ser at Veslemonster er så flink til alt,

teikne, måle, forklare og bestemme leiker. Det gjer Storemonster underlegen, trist og lei. Men monster græt vel ikkje, gjer dei? Det endar godt med både Storemonster og Veslemonster, sjølvsgatt. Det må det jo! Men før det gir bøkene grobotn for mange gode samtalar om kjensler. Korleis er det når vi ikkje vågar seie fra og stå på det vi meiner er rett? Korleis kjennast det når andre bestemmer og ein sjølv kjenner seg mindre og mindre verd? Korleis skal vi seie nei når vi meiner det?

Desse to monsterbøkene handlar til sjuande og sist om desse små



© Rødbønn

Av: Kalle Güettler, Rakel Hemdsdal og Áslaug Jónsdóttir  
Til norsk ved Tove Bakke  
Parallelutgåver på nynorsk og bokmål  
Skald forlag



© Rødbønn

Av: Kalle Güettler, Rakel Hemdsdal og Áslaug Jónsdóttir  
Til norsk ved Tove Bakke  
Parallelutgåver på nynorsk og bokmål  
Skald forlag